

UTKAST til

Planprogram

Interkommunal plan
for
sjøareal i Nordhordland

Alver, Austrheim, Fedje, Gulen,
Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal

planID xxxx – 2021 - 001



Innhald

1. Bakgrunn	3
1.1 Planområde	4
1.2 Dagens situasjon (Arealplan, KPA)	4
2. Målsetting og føremål med arbeidet	5
2.1 Føremål.....	5
2.2 Resultatmål.....	5
2.3 Effekten av felles plan.....	5
3. Utfordringar og problemstillingar	6
3.1 Berekraft	6
3.2 Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging	7
3.2 Regionale utfordringar og problemstillingar.....	7
3.3 Lokale utfordringar, problemstillingar og moglegheiter.....	7
4. Planføremål, aktuelle tema og bruk som skal vurderast	9
4.1 Innleiing.....	9
4.2 Arealanalyse - GIS	9
4.3 Hovudføremål «Bruk og vern av sjø og vassdrag» felles innan for planområdet.....	10
4.4 Særskilte tema frå dei ulike kommunane.....	12
5. Medverknad	14
6. Framdriftsplan	16
7. Verknad for miljø og samfunn (Konsekvensutgreiing)	17
7.1 Eksisterande kartleggingar.....	17
7.2 Behov for analyse og samanstilling av eksisterande data	18
7.3 Konsekvensutgreiing (KU).....	18
7.4 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).....	19
8. Organisering av arbeidet	20
8.1 Interkommunalt samarbeid og samordning	20
8.2 Interkommunalt planutval (IKPU)	20
8.3 Styringsgruppe og prosjektleiar.....	20
8.4 Arbeidsgruppe.....	20
8.5 Koordinator	21
8.6 Regional og statleg referansegruppa – myndigheitene.....	21
8.7 Organisasjonskart og framstilling av planen.....	21
9. Ramme og premiss for interkommunal plan for sjøareal	22
10. Informasjon, formidling og kontakt	23

1. Bakgrunn

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap starta prosess med å utarbeide interkommunal plan for sjøareala i kommunane.

Det er mange interesser knytt til kystsona og sjøareala. Aukande konkurranse og interessekonfliktar kan gjere sjøareala utfordrande å forvalte. Kommunen har mynde over arealbruken i sjøområda etter plan- og bygningslova, og ansvar for å skape føreseielege rammer. Til dette trenger kommunen eit godt styringsverktøy.

Interkommunal plan for sjøareal er ein plan på kommuneplannivå, jmfør kap. 9 i plan- og bygningslova (pbl). Det skal fastsetast juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningslinjer.

Den interkommunale planen skal presenterast samla, men kvar kommune skal gjennomføre planprosess for sitt sjøareal som om det var sin eigen plan. Dette planarbeidet for sjøareala skal gjerast slik at det vert ein naturleg del av ein samla kommuneplanens arealdel (KPA) for kvar av kommunane som deltek. Planen utarbeidast etter prosessreglane i prosessreglane i [kap. 11 i plan og bygningsloven \(pbl\)](#).

Første steg i arbeidet med ein kommuneplan er utarbeiding av planprogram. For alle planer med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast planprogram, jf [pbl § 4-1](#). Programmet skal gjere greie for føremålet med arbeidet, prosessen og opplegget for medverknad. Dette planprogrammet skal gi grunnlaget for arbeidet med interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Det er og formelt grunnlag for oppstart av planarbeid for sjødelen av kommuneplanens arealdel for kvar deltakande kommune.



1.1 Planområde




Fig.1 Planområdet

Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.

Planområdet gjeld berre for sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar og ned til sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja (sjå Fig.2).

Planområdet omfattar ulike sjøområde, frå open eksponert kyst til meir beskytta fjordar, store fjordbasseng og opne sund. Djupne, botntopografi, utskifting av vatn og eksponering varierer i stor grad.




Fig.2 Verkeområde – Tilhøvet mellom pbl og Havne- og farvannslova

I sjøen gjelder [plan- og bygningsloven § 1-2](#) ut til ein nautisk mil utanfor grunnlinja, definert av dei ytterste holmar og skjær.

Det er mange ulike og aktuelle tema i område og der er stor skipstrafikk knytt til mellom anna Fensfjorden. Det gir føringar for korleis arealet kan disponerast og forvaltningsansvar, jamfør figur 2.

Sjøområda si grense mot land er definert ved "generalisert felles kystkontur". [Grensen går ved middel høgvatn](#)

1.2 Dagens situasjon (Arealplan, KPA)

Planen vil ta utgangspunkt i gjeldande arealbruk i dei respektive kommunar. Ein arealplan skal vise hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, samt kva omsyn som må takast i vare ved disponering av sjøareala.

Arealdelen er eit verktøy for å gjennomføre samfunnsdelen i kommuneplanen, samtidig som arealdelen skal være utforma i eit langsiktig perspektiv. Dette inneberer at den interkommunale planen for sjøareal bør ha rom for framtidig utvikling.

Tab.1 Status arealplan (KPA)

Kommune	Status kommuneplanens arealdel	Status sjøareal
Alver	Vedtatt 2019 (3 delplaner)	Del av arealplan
Austrheim	Vedtatt 2019 kommuneplanen sin arealdel	Del av arealplan
Fedje	Vedtatt 2013	Del av arealplan
Gulen	Under revisjon. Planlagt godkjent vår 2021.	Del av arealplan
Masfjorden	Vedtatt 2019 kommuneplanen sin arealdel	Del av arealplan
Modalen	Vedtatt 2015	Del av arealplan
Osterøy	KPD for sjø og strandsone 2018-2027. Oppstart revisjon av KPA vår 2021.	Del av arealplan
Vaksdal	Vedtatt 2019	Del av arealplan

2. Målsetting og føremål med arbeidet

Eit hovudformål med planlegging etter plan- og bygningsloven er å fremme berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling.

Planen skal vere ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene. Gjennom planarbeidet skal det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk bindande plan på kommuneplannivå.

2.1 Føremål

Planen skal være eit verktøy for langsiktig forvaltning av sjøareala i kommunane i tråd med prinsippet om berekraftig utvikling.

2.2 Resultatmål

Arealplanen skal syne hovudtrekka i korleis areala skal nyttast og vernast, og kva viktige omsyn som må takast vare på ved disponeringa av areala. Planen skal gi grunnlag for langsiktig og positiv samfunnsutvikling i kommunane både med omsyn til næringsutvikling og bulyst.

Planen skal vere eit kunnskapsbasert forvaltningsverktøy for kommunane. Gjennom planarbeidet skal det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i kystsona.

2.3 Effekten av felles plan

Felles planprosess vil leggje til rette for betre og meir effektiv bruk av ressursar, felles avklaringar, og fokus på kunnskapsbasert og heilskapleg planlegging, samstundes som prioriteringar i den einskilde kommune vert ivaretatt.

Felles plan vil kunne gi eit felles verktøy:

- Meir effektiv og føreseieleg sakshandsaming
- Heilskapleg dialog med nærings- og miljøinteressar
- Heilskapleg dialog med overordna styresmaktar
- Felles kunnskapsbase som kan nyttast av alle
- Danne grunnlag for berekraftig verdiskaping
- Grunnlag for framtidig samarbeid om arealbruken i sjøområda

3. Utfordringar og problemstillingar

3.1 Berekraft

FN sine 17 berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla set miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, og intensjonen er at både statar, næringsliv og sivilsamfunn skal nytte dei felles måla som ein arbeidsplan for berekraftig utvikling.

Noreg har slutta seg til målsettinga om at dei 17 berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar. Det er difor viktig at berekraftsmåla vert ein del av samfunns- og arealplanlegginga og vårt nærmiljø. Dei nasjonale forventningane til planlegging for 2019- 2023 legg vekt på at me står overfor fire utfordringar og i planarbeidet her vil vi trekkje fram:

- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning



Fig. 3: Oversikt over FN sine 17 berekraftsmål.

Nordhordland er einaste område i Noreg med status som UNESCO Biosfæreområde. I eit biosfære område skal ein ha fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling. Sentralt i dette arbeidet er berekraftsmåla. Måla handlar om store, overordna tema, samtidig som de angår kvar enkelt av oss. Berekraftsmåla skal hjelpe oss med å løfte blikket, styre i riktig retning og utvikle gode løysingar lokalt – som også bidrar globalt – sjå måla i samanheng. Det er naturleg å løfte opp mål nr 14 og 17 som går på livet i havet og felles innsats for å løyse og påverke utfordringane.

14 LIVET I HAVET

«Livet i havet» er viktig for heile verda og eit berekraftsmål som dette planarbeidet tar føre seg både når det gjeld arealbruk, ressursutnytting og naturmangfald.

Universitetet i Bergen er «fagansvarleg» for dette berekraftsmålet i verda og Havforskningsinstituttet er kjelde til kunnskap. Vi har sentrale kunnskaps- og forskningsmiljø like ved oss.

Heilt grunnleggjande at vi ulike nivå samlast om berekraftsmål 17 – samarbeid - som det mest sentrale verktøy for å arbeide saman og bidra til å løyse dei utfordringane vi står ovanfor.

17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE

Fig.3. Berekraftsmål

3.2 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I følge plan- og bygningslova § 7-1 skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. [Dokumentet](#) samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

1. Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
2. Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
3. Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
4. Å skape eit trygt samfunn for alle

Forventningane er delt inn i fire hovudoverskrifter.

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
3. Berekraftig areal- og transportutvikling
4. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Regjeringa ber lokale og regionale myndigheiter forstå og tolke dei nasjonale forventningane i ein lokal samheng når ein utarbeider og gjennomfører planar.

3.2 Regionale utfordringar og problemstillingar

Utviklingsplan for Vestland (Regional planstrategi) har følgjande 4 mål:

- Mål 1 - Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4 - Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

3.3 Lokale utfordringar, problemstillingar og moglegheiter

Korleis kan vi få til god bruk av areala der omsynet til næringsinteresser og dei ikkje kommersielle interessene vert balansert på ein berekraft måte. Dei ikkje kommersielle interessene er mellom anna knytt til naturmangfald, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, landskapsopplevingar og reint hav.

Den interkommunale planen skal ha ei kunnskapsbasert tilnærming og moglege interessekonfliktar vil bli aktualisert og belyst gjennom planprosessen. Samstundes er vi eit biosfæreområdet der det er forventa at vi skal ta dei retta sosiale, miljømessige og økonomiske stega i samfunnsutviklinga.

I HI sin rapport «Risikorapport Norsk fiskeoppdrett 2020» står det følgjande:

«Lakselus og rømt oppdrettslaks regnes per i dag som de største truslene for villaksen og i 2017 ble det innført en handlingsregel basert på lakselus som miljøindikator som regulerer kapasitetsendringer i oppdrettsnæringen (Trafikklyssystemet).»

Regionen er i produksjonsområde 4 (PO4) som går frå Nordhordland til Stadt.

I HI sin rapport «Risikorapport Norsk fiskeoppdrett 2020» står det følgjande:

«Dødelighet hos utvandrende postsmolt laks

Toleranse til fisken er moderat, men smittepresset anses som høyt og risikoen for dødelighet vurderes derfor som høy på utvandrende laks i PO4. God kunnskap om utvandringstider og godt samsvar mellom modellresultater og observasjonsserier gjør at vi anser kunnskapsstyrken som god.»

PO4 er i raud sone og det gir føringar for produksjonen i området om at den i utgangspunktet må reduserast.

For å verne dei viktigaste laksebestandane, har Stortinget bestemt at det skal være eit særskilt beskyttelsesregime innanfor 52 nasjonale laksevassdrag og 29 nasjonale laksefjordar. Dette er nedfelt i forskrift om

særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i eller ved [nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder \(FOR 2009-06-22 nr 961\)](#). Fjordane ved Osterøy: Molviki-Tysso og Skreaneset-Olsnessnipa er nasjonal laksefjord.

Balansen mellom næringsutvikling, bruk og utnytting av sjø, busetnad og fritidsaktivitetar er hovudtema for heile regionen og må finne sin form i prosessen og vera synleg i plandokumenta:

- Lokale utfordringar
 - Produksjonsområde 4 er i raud sone gir utfordringar med omsyn til næringa sine ønske om vekst
 - Behov for større samanhengande areal for akvakultur som gir større fleksibilitet og kunne nytte endra teknologi med mål om å redusere den totale miljøbelastninga
 - Nasjonal laksefjord – totale belastninga av lakselus er vurdert som høg og dødelighet av smolt er høg
- Felles og særskilte problemstillingar
 - Vekst i akvakulturnæringa – ønske frå nasjonalt nivå
 - Fjordar – med dårlegare utskifting
 - Mykje av det biologiske mangfaldet, naturtypene i sjø er dels ukjent
 - Demografi og fritidsinteresse, bruk av sjø
- Utforske og leggje til rette for å bruke moglegheiter
 - Matproduksjon i sjø, tal anlegg, sysselsetting, verdiskaping, inntekter til kommunane frå Havbruksfondet.
 - Energiproduksjon - Vindkraft



4. Planføremål, aktuelle tema og bruk som skal vurderast

4.1 Innleiing

Sjøareala vert nytta til eit breitt spekter av aktivitetar og næringar frå tradisjonelt fiske, fangstbasert oppdrett, turistfiske, person- og godstransport og akvakultur til forsvarrets øvingar. Taredyrking og uttak av skjelsand er aktivitetar som kan bli nye aktuelle næringar. I tillegg er sjøområda også viktige som fritids- og rekreasjonsområde for lokalbefolkning og tilreisande.

Havområda representerer store verdiar for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar gjennom ei rekke økosystemtenester. Sjøområda er sentrale for å gi oss mat, regulere klima, reinse luft og vatn, og fungere som ferdsselsåre.

Gjennom planlegging må det skapast ein god balanse mellom bruk og vern av ein viktig ressurs. Kommunane har eit stort ansvar for å legge grunnlaget for ei berekraftig og langsiktig forvaltning av sjøareala i eigen kommune. Kommunen er ikkje åleine om dette ansvaret, men oppdaterte og aktuelle arealplanar for sjøareal er kommunane sin viktigaste reiskap til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver i sine sjøområde og skape grunnlaget for positiv samfunnsutvikling.

Sjø- og kystområda har i større grad blitt prega av økt aktivitet og nye utnyttingsformer. Ein konsekvens av dette er forskjellige og motstridande interesser, og omsyn knytt til areal- og ressursdisponeringa. Næringsaktivitet knytt til sjøareala har ein stadig viktigare økonomisk betydning i kystområda, både i lokal og nasjonal samanheng. Marin sektor i Nordhordland er viktig, og ny teknologi, nye typar aktivitetar og ny kunnskap fører til stadig nye måtar å drive næringsverksemd på. Det same gjeld også for vår fritidsbruk, der stadig fleire ønskjer å bruke sjøområda til rekreasjon, både på tradisjonelle og nye måtar.

Dei mest sentrale utfordringane i planarbeidet vil vere å legge til rette for ei berekraftig utvikling innan akvakultur og fiskeri, samferdsel og anna sjøbasert næringsliv, samtidig som det skal takast omsyn til naturmangfald, friluftsliv og kulturminne.

4.2 Arealanalyse - GIS

Som grunnlag for arealvurderingane i planarbeidet vil det bli utarbeida ein GIS-analyse med alt av eksisterande, relevant, kartfesta informasjon. Analysen vil bli supplert med og kvalitetssikra mot lokalkunnskap i kommunane. Det vil bli henta data frå følgjande kjelder, men lista er ikkje uttømmende:

Tab. 2 Kunnskapsgrunnlag – Kjente kjelder

Tema	Ansvarleg myndigheit
Marine naturtypar	Miljødirektoratet
Marine kulturminne	Riksantikvaren
Farleder, hovedleder og bileder	Kystverket
Fiskeplasser, aktive og passive redskap	Fiskeridirektoratet
Gyteområde	Fiskeridirektoratet
Oppvekstområde	Fiskeridirektoratet
Låssettingsplassar	Fiskeridirektoratet
Akvakulturlokaliteter	Fiskeridirektoratet
Havner og ankringsplassar	Kystverket
Verneområde	Miljødirektoratet
Marin verneplan	Miljødirektoratet
Nasjonale laksefjorlar	Fiskeridirektoratet
Forsvarets øvingsfelt	Forsvarsbygg
Framande artar	Miljødirektoratet

4.3 Hovudføre mål «Bruk og vern av sjø og vassdrag» felles innan for planområdet

Interkommunal plan for sjøareal er ein arealplan. Planformålet som kan nyttast er gitt i [Plan og bygningslova § 12-5](#) er «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Denne planen vil gjelde for sjøareal og her har vi følgjande underføre mål (ferdsel, farlei, fiske, akvakultur, natur- og friluftsområde):

Ferdse på sjø

Ferdseareal er område prioritert for ferdse på sjø som ikkje omfattar gjennomgangstrafikk. Gjeld alle typar av ferdse på sjø tilknytt offentleg og kommersiell verksemd, nyttrafikk og fritidstrafikk mm. Område kan også nyttast til oppankring etter nærare avklaring.

Områda som er satt av er ofte knytt til sjøretta næringsareal på land (eks. reiselivsbygg, sørvisanlegg akvakultur, settefiskanlegg, fiskemottak ol.) eller eksisterande moloar og kaier som ikkje kjem inn under hamneføre mål.

Tilrettelegging for god samferdse og transport innanfor planområdet vil vere viktig. Arealbruken i sjøområda må sjåast i samheng med arealbruken på land.

Farlei og hamneområde

Farleier er trafikkareal og gjeld for sjøfarten. Kystverket har ansvar for farleiene og farleistrukturen, navigasjonsinnretningar, ankrings- og venteområde, innseglingsskorridorar, losbordingsområde, naudhamn og utbetring av desse. Dette gjer at ferdse og tryggleiken langs norskekysten er god.

Farleier som er omfatta av dette planarbeidet er nærare gjevne leier for sjøfarten og er viktige i dei mykje trafikkerte opne sjøområda, fjordane og sunda våre. Inn- og utseglingsleier for hamner må vi og ta omsyn til.

Hamneområde er område for fartøy som skal laste eller losse gods, transportere passasjerar, eller har behov for landings-, oppankrings- eller liggeplass.

Fiske, kaste og låssettingsplassar

Fiskeridirektoratet har tilgjengeleg ei rekke fiskeridata ([Yggdrasil](#)). Til dømes kartfesta areal for gyteområde, oppvekstområde for yngel, fiskeområde for ulike reiskap, skjelførekomstar og låssettingsplassar mm.

Avsetning av arealføre mål for fiske er viktig for å verne område som er særskilt viktige for hausting av viltlevande marine ressursar.

Det er viktige lakseførande vassdrag i planområdet med laks og sjøaure. Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning (VRL) gir ut årleg

bestandsstatus for laks i forhold til gytebestandsmål, haustbart overskot, genetisk integritet og trusselnivå.

Nasjonalt Lakseregister er kunnskapsbasen til Miljødirektoratet, og vil bli brukt som kunnskapsgrunnlag for vurdering av status til dei ulike laksevassdraga.

Akvakultur (havbruk)

Nordhordland er eit viktig område for havbruk. Avsetning av areal til akvakultur vil vere ein viktig del av planprosessen. Det ligg føre nasjonale og regionale føringar her som stiller krav til planprosessen.

Næringa er viktig som grunnlag for verdiskaping, sysselsetting og ekstra inntekter til kommunane. I planområdet vart det frå havbruksfondet utbetalt 19,4 mill kr i 2019 og 98,5 mill kr i 2020.

Optimalisering av eksisterande lokalitetar og tilgang til berekraftige lokalitetar vil vere eit viktig tema. Situasjonen i planområdet er ikkje god når det gjeld problem knytt til lakselus. Det vert vurdert behov for større samhengande areal som gir større fleksibilitet i produksjonen.

Andre næringar i sjø som skjell, tang og tare og anna marin fisk enn laks/regnbogeaure kan også vere aktuelle tema i planarbeidet.

Planarbeidet legg opp til god dialog med regionale mynde og næringa or å sikra eit godt planarbeid som og tek opp i seg utviklingstrekk for næringa.

Planarbeidet skal ta stilling til den samla arealbruken herunder fortøying, sjøoverflate, vassøyle og botn.

Naturområde

Omfattar område i sjø der inngrep og tilrettelegging skal sterkt avgrensast for å ta vare på viktige naturverdiar som gyte-, oppvekst- og leveområde. I tillegg til formålsområde kan det også nyttast omsynssone for marint naturmangfald

For planområdet vårt er det gjort ulike kartleggingar, men det kan vere behov for meir kunnskap her. Tilgjengelege grunnlag finn vi mellom anna i naturbase, miljøstatus og Fiskeridirektoratets [Yggdrasil](#).

Friluftsområde

Kysten er rik på naturkvalitetar, kulturhistorie. Overgangen mellom land og sjø er viktige friluftsområde. Utøving av friluftsliv er ein aktivitet som folk flest kan vera med, det gir store helsemessige gevinstar. Tilrettelegging og sikring av attraktive friluftsområde er ein viktig del av folkehelsearbeidet.

Tilhøva til å drive eit aktivt friluftsliv er for ein stor gruppe menneske eit av fleire viktige tema når dei skal avgjera kor dei vil bu. Som ein del av det å gjere regionen attraktiv både som arbeid-, bu- og feriestad må kystkommunane sikra og forvalta attraktive friluftsområde både på land og sjø på ein god måte.

Friluftsområde omfattar område i sjø og vassdrag der inngrep og tilrettelegging er sterkt avgrensa for å ta vare på viktige friluftsområde. Områda som er satt av er i stor grad knytt til viktige friluftsområde på land, både statleg sikra område og område som er flittig nytta av folk.

Kombinerte føremål

Sjøareal kan definerast som fleirbruksområde med kombinert føremål. Dette er ålmenne fleirbruksområde som kan nyttast til natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Underformåla er gitt særskilt prioritet i desse områda og akvakultur er ikkje tillat her.

Område knytt mot landføremål

Interkommunal plan for sjøareal held seg til ei plangrense som går i fjæresteinane. For bruk og aktivitet som går føre seg i randsona mellom sjø og land er dette ei kunstig avgrensing.

Her må kvar einskild kommune handtere utarbeiding av plan for sjø som ein del, og ta med seg kva arealføremålet skal vera på land inn i kommuneplanen sin arealdel der.

Aktuelle areal kan vere:

- Fritids- og reiselivsføremål; område knytt til reiselivsføremål
- Næringsområde; knytt til nærings- og industriføremål på land
- Småbåthamn

Omsynssoner

Omsynssone er eit verktøy som viser til at det skal takast omsyn til eit bestemt tema eller som legg føring for bruk og utnytting for eit område.

Vanlegvis vert det knytt føresegn til den einskilde sona og det kan gjevast retningslinjer om kva omsyn som skal leggast vekt på ved praktisering av anna lovgivning innanfor kommunen si mynd. Sona gjeld for eit gjeve område og uavhengig av kva arealføremål som elles gjeld. Døme på slik omsynssone kan vere:

- Sikrings- og faresoner (fare og forsvarets øvingsfelt)
- Område med særleg omsyn (friluftsliv og naturmiljø)
- Soner for bandlegging (kulturminne og naturvern)
- Sone for seinare eller vidare planlegging

Forsvaret

Forsvaret og særleg sjøforsvaret har område innan for planområdet. Nokre kan gjerast synleg i plan og andre ikkje. Forsvarsbygg ivaretar interessene i planarbeid. Forsvarets interesser kan i planarbeid takast i vare ved:

- Planføremål
- Omsynssone
- Bandlegging etter anna lovverk

Energiproduksjon - Vindkraft

Verda og Noreg har begynt å endre sin strategi for energiproduksjon. Dels med grunn i klimautfordringar og dels i eit berekraftperspektiv bør ei dreining mot grøn energiproduksjon gjerast.

Vindkraft er for tida omdiskutert i Noreg, men like fullt ein del av framtidig energiproduksjon. Fedje kommune har i sin planstrategi dette som tema og dette bringer fleire interessante perspektiv inn i arbeidet med interkommunal plan for sjøareala.

I dette planarbeidet vil det ein forsøke å få avklart om der er område nord for Fedje som det kan vurderast som egna for vindmøller monterte på sjøbotn.

Ramma for dette planarbeidet er slik at vi kan peike på eigna areal på eit overordna nivå.

4.4 Særskilte tema frå dei ulike kommunane

Interkommunal plan for sjøareal vil moglegvis ikkje kunne handtere alle ønskelege tema, mål eller tiltak som vert fremma frå dei deltakande kommunane. I disse tilfella må moglegvis den einskilde kommunen handtere desse tilfella sjølve.

Alver kommune

Den interkommunale planen for sjø vil vere ein premiss i planlegging og bruk av sjøareal i Alver kommune.

Austrheim kommune

Austrheim kommune er nær knytt til sine sjø og havområde. Både den ytre og den indre farleia går gjennom kommunen. Det betyr at farleiene for skipstrafikken, lita eller stor lei er eit viktig tema i dette planarbeidet. All skipstrafikken til og frå Mongstad går gjennom kommunen sine sjøareal.

Sjøområda her er attraktive heile året både for innbyggjarane og hyttefolk. For det sjøbaserte friluftslivet i regionen er og områda svært viktige. Det er stor aktivitet knytt til fiskeri og heimafiske (matauk). Havbruksnæringa i kommunen, men og tett ved kommunegrensa er stor. Det er nyleg gjeve løyve til torskeoppdrett i kommunen. Det er gjeve konsesjon til om lag 10.000 MTB matfisk innafor Austrheim kommune sine grenser i dag. Lurefjorden er i dag eit varig verna marint område, det gjev viktige føringar for arealforvaltinga vår.

Vassdirektivet gjev viktige føringar for kva slags arealbruk sjøområda i kommunen skal ha. Det gjeld og forvaltinga av det kulturhistorisk landskapet for den indre farleia som kommunen er ein del av. Mat -og reiselivsverksemda i Kilstraumen er og avhengig av det naturbaserte reiselivet. Eit satsingsområde i Austrheim kommune har elles vore at born og unge skal få eit nært forhold til bruk og vern av sine sjøområde.

Tidevasstraumane med Fosnstraumen, Kilstraumen og Bakkastraumen er og unike nasjonalt, desse naturtypene må omtalast og forvalast på ein særleg omsynsfull og kunnskapsbasert måte. Det gjeld og Keilesundet og Kvalvågen. Å få ein god oversikt over bruken av sjøareala i kommunen med sine 489 holmar og skjer over ein lengre tidsperiode hadde vore ynskjeleg. Det gjeld og kva viktige leveområde/trekkområde/vandringsområde som fisk, fugl og våre sjøpattedyr har i kommunen.

Fedje kommune

Fedje kommune ønskjer å få vurdert om der er areal som kan vere egna til botnfaste vindmøller i sjø. Det er noko Fedje har med i sin "Planstrategi" og det er også omtalt i budsjettdokumentet til Fedje for 2021. Dette er eit nytt område som vil krevje ekstra utgreiing. I plan og bygningsloven finnes det ikkje noko underformål for vindmøller - under hovudformålet bruk og vern av sjø.

Gulen kommune

Gulen Dykkarsenter er heilt i verdsklassen på å tilby dykkeopplevingar i kaldt farvatn. Dei driv med dykking som næring og tek imot dykketuristar frå heile verda. Ein av årsakene til at Gulen er ein heilt spesiell dykkedestinasjon, er artsmangfaldet under vassflata. Det er heilt unikt, og tiltrekker seg stor interesse både blant dykkarar og forskarar.

Dykkarsenteret har eit behov for å verne dei områda med størst artsmangfald, og som også utgjør det største grunnlaget for deira næring -altså ein kombinasjon av vern og bruk. Dei ynskjer også å få på plass klare retningslinjer som avgrensar andre sin rett til bruk av dykkeområder når dei er ute å dykkar. Dei opplever at dykkeflagg ikkje vert respektert av fritidsfiskarar, og kvar sesong førekjem det nesten ulukker på bakgrunn av dette.

Masfjorden kommune

Masfjorden kommune ønskjer å ha ei særskilt drøfting på behovet for nye småbåthamner og nye næringsareal i strandsona knytt til havbruksnæringa. Det vert vist til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent i 2019, og at kommunen i samband med denne var samd med Fylkesmannen om å drøfte både nye småbåthamner og næringsareal knytt til strandsona i kommunedelplan for kystsona.

Modalen kommune

Modalen er en del av den nasjonal laksefjord og har difor interesse av korleis sjøareala vert forvalta i regionen.

Osterøy kommune

Miljøtilstanden i Sørfjorden er sårbar og har utvikla seg negativt dei siste åra. Osterøy kommune har lagt inn omsynssone i Sjø- og strandsoneplanen med retningslinjer som sikrar at det vert teken omsyn til miljøtilstanden ved alle typar framtidig verksemd. Ettersom naturmiljøet i fjorden er sårbar for utslepp av organiske partiklar er det påpeika at det ikkje bør opnast for tiltak som aukar negativ påverknad. Dette er for å sikre at omsynet til miljø vert vurdert i alle saker som kan ha ein negativ påverknad i fjorden.

Kommunen har vurdert at det kan opnast for ei omsynssone med retningslinjer heimla i plan- og bygningslova § 11-8 c).

« Omsynssone H560_72 er sone for særlege miljøomsyn i Sørfjorden. Det skal visast aktsemd med å opne for tiltak og aktivitet som kan påverke miljøtilstanden i resipienten negativt. Det bør ikkje opnast for nye tiltak som kan påverke miljøkvaliteten i resipienten negativt dersom miljøtilstanden i fjorden ligg i tilstandsklasse III eller lågare ihht. Vassforskrifta».

Vaksdal kommune

Vaksdal kommune vedtok hausten 2019 ny kommuneplan der sjøareala var inkludert. Kommunen ser ikkje behov for å gjere vesentlege endringar i forhold til den planen.

Statens vegvesen og Bane Nor arbeider med statleg reguleringsplan for veg og bane mellom Arna og Stanghelle. Denne planen vil få konsekvensar for sjøareala i kommunen. Konsekvensane av eit slikt tiltak vil verte gjort reie for i reguleringsplanen.

Det er berre eitt fiskeoppdrett igjen i kommunen, dette ligg ved Sandvik. Det er ikkje satt av areal til akvakultur i kommuneplanen.

Det har vore mykje og variert aktivitet på sjøareala i kommunen opp gjennom historia. Mykje av denne aktiviteten har vore knytt opp i mot fiskeri, og då særleg laksefiske. I samband med laksefisket er det spesielt dei gamle sitjenøtene langs fjordane som peikar seg ut. Gammersvik, Sandvik, Straume, Simmenes og Stamnes er blant dei plassane som har slike.

5. Medverknad

Medverknad kan vere eit utfordrande tema, men inneheld eit vidt rom av muligheter. Ut over lova sine minstekrav er det ei stor verktøykasse med ulike metodar og verktøy. Det er naturleg med noko ulik praksis i kva grad ein har kapasitet og kompetanse ta i bruk desse og bevege seg mellom ulike trinn i trappa for medverknad (fig. 4).

Slik vil det og vere i tilhøve på nivå eller aktivitet mellom det interkommunale arbeidet og det som skal skje i dei deltakande kommunane. Det vil vere nokon samanfallande aktivitetar. Medverknad tas på alvor i det bilete at inviterer vi innbyggjarar inn til deltaking og involvering må vi vise korleis dei skal delta og korleis deira bidrag skal nyttast i det vidare arbeidet.

Trappa for medverknad må sjåast på som ei balansering mellom grad av involvering og innflytelse. Dess høgare opp jo djupare involvert og aukande innflytelse har deltakarane. Dei ulike trinna har ulike metodar og verktøy som kan nyttast. For dei ulike fasane i ein planprosess kan vi nytte ulike trinn i høvet til kva som tenleg og gjennomførbart.




Fig. 4. Trapp for medverknad – ulike nivå for involvering, innflytelse og deltaking

Målsetting for medverknad i denne prosessen

Utarbeiding av interkommunal plan for sjøareal er samansett og har ulike interesser for bruk og utnytting. Målsetting for medverknadsprosessen i:

- Å ha fokus – Avklare og gjennomføre
- Dele kunnskap - om prosessen på ein måte som gjer at folk evnar og har lyst til å bidra
- Bygge nettverk - på tvers kommunegrense og styrke samarbeid og samordning

Tre hovudstrategiar skal hjelpe oss i å nå målet:

- Vi skal bruke eit klart språk i all skriftleg og munnleg kommunikasjon
- Vi skal invitere oss sjølv og vera aktive på etablerte møteplassar
- Vi skal bruke digitale verkemiddel aktivt

Mediestrategi

- Handtere prosessen
- Auke kunnskapsgrunnlaget
- Nytte dei lokale avisene til å nå ut med fakta om prosessen og invitere til dialog

Heimeside

- Det er oppretta ein eigen [«fane» på Regionrådet sin heimeside for prosjektet.](#)

Målgrupper

I prosessen vil organisasjonar, næringsliv og enkeltpersonar verte oppfordra til å delta og gje innspel. I naudsynt grad vil det etablerast innspels- / arbeidsgrupper. Desse vil sjå på ulike tema og ha ansvar for å få fram ønskjer og innspel frå interessentar undervegs i prosessen.

Hovudaktivitetar

Hovudaktivitetar vil både vere felles og kan samlast eller verte delt mellom interkommunalt arbeid og det den einkilde kommunen må stå for sjølve. Ein del av det **lovpålagte minstekravet** ved utarbeiding av arealplanar er:

- Leggje planprogrammet og planen ut på høyring og til offentleg ettersyn
- Kunngjere planen i minst ei avis og gjere han kjent gjennom elektroniske media
- Sikre deltaking frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, særleg barn og unge
- Vise korleis vi har vurdert og lagt vekt på innspel vi får til planforslaget

For å sikre betre involvering, deltaking og kunnskapsdeling kan vi bruke mange ulike metodar og verktøy. Nokre kan vere best å gjere på interkommunalt regi medan anna må gjerast av den ei skilde kommune. Dette er ei oppsummering av hovudaktivitetane vi har planlagt å gjennomføre i perioden desember 2020 til desember 2022:

- Digital dialog
 - Samfunnsdialog
 - Webinar
 - Regionale vs kommunale møte (?) Opne møte / inviterte
 - Kontordag (Kommune / interkommunalt)
- Workshop
 - Næringsliv, politisk
 - Friluftsliv
- Temamøte (samtalar)
- Politiske Råd og utval

Framdriftsplan: Hovudaktivitetar Denne må skrivast meir konkret

Ber om innspel frå kommunane

Framdriftsplanen er eit levande dokument og kan bli endra og supplert.

Innbyggjarar	Politikarar	Referansegrupper
--------------	-------------	------------------

Tab. 3. Hovudaktivitetar Medverknad


FORARBEID 2020		
NÅR?	Kva?	Kven?
	<ul style="list-style-type: none">• Kommunestyrevedtak	
	<ul style="list-style-type: none">• Konstituering Interkommunale planutval	
	<ul style="list-style-type: none">• Arbeidsgruppa• Regional referansegruppe	
MEDVERKNADSPERIODEN STARTAR		
	<ul style="list-style-type: none">• Involvering av regionale mynde – etablering av regional referansegruppe	
	<ul style="list-style-type: none">•	
2021		
JANUAR/FEBRUAR	<ul style="list-style-type: none">• Intern høyring kommunane – utkast planprogram	
FEBRUAR/MARS	<ul style="list-style-type: none">• Vedtak planprogram – IKPU	
MARS - MAI	<ul style="list-style-type: none">• Høyring og offentleg ettersyn planprogram	
APRIL	<ul style="list-style-type: none">• Regionalt planforum	
MAI	<ul style="list-style-type: none">• Vedtak planprogram – IKPU	
	<ul style="list-style-type: none">•	
2022		

6. Framdriftsplan

Planprogrammet vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i mars månad. Høyringsperioden for planprogrammet vil i utgangspunktet vere 6 veker. Planprogrammet vert vedteke innan juni 2021.

Planforslaget vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i løpet av hausten 2022. Våren 2023 vert endeleg plan sendt til kommunestyra for endeleg vedtak.

Fig. 5. Framdriftsplan



7. Verknad for miljø og samfunn (Konsekvensutgreiing)

Planlegging skal etter plan- og bygningsloven fremme berekraftig utvikling. Planlegging skal ikkje føre til uønska konsekvensar for samfunn, eller utfordre den einskilde sin tryggleik og eigendom, jfr pbl § 1-1

Utbyggingsføremåla i planen skal skildrast og det skal gjerast ei vurdering av utbygginga sine konsekvensar. Utgreiingane skal seie noko om kva planmessige grep i form av føresegner val av arealføremål og avgrensingar av desse som kan vere aktuelle for å redusere eventuelle negative konsekvensar/auke positive konsekvensar av utbyggingsføremålet. Planprogrammet er rettleiande for planprosessen, og det kan difor komme endringar i samband med utgreiingane.

I kap. 4.3 ovanfor har vi ein gjennomgang av ulike tema dette planarbeidet skal gjere reide for, mellom anna energiproduksjon (Vindkraft). Det må understrekast at ein prosess som lei fram til etablering av anlegg for energiproduksjon går gjennom to lovverk og prosessar, både plan- og bygningslova og energilova. Ei konsekvensvurdering knytt til arbeidet med denne arealplanen er overordna og vil/kan ikkje gå i same dybde som ved søknad om konsesjon og etablering av eit anlegg. Ein meir detaljert konsekvensvurdering vert gjennomført i samband med søknad om konsesjon.

7.1 Eksisterande kartleggingar

Tab. 4 Rettleiar for planlegging i sjøområde (2020) peikar på følgjande tema og relevante kjelder:

Tema	DOK-data	Andre kunnskapskilder
Akvakultur	Akvakultur- lokaliteter	Yggdrasil – Fiskeridirektoratets kartløsning
Ankringsområder	Ankringsområder	Kystinfo – Kystverkets kartløsning
Fiskeriinteresser	Kystnære fiskeridata Fiskeplasser – redskap Gyteområder	Yggdrasil Informasjon fra Fiskarlag og andre lokale fiskere etc.
Ferdsel/sjø transport	Farleder – hovedled og biled Farleder – arealavgrensing	Kystinfo – Kystverkets kartløsning
Forsvarets arealbruk	Forsvarets skyte- og øvingsfelt – land og sjø	Forskrift om forbudsområder i sjø (koordinater)
Kulturminner og kulturmiljø	Kulturminner – Kulturmiljøer Kulturminner – Enkeltminner Kulturminner – Lokaliteter Kulturminner – Sikringssoner Kulturminner – Freda bygninger Kulturminner – SEFRAK	<ul style="list-style-type: none"> • Askeladden • SEFRAK • Regional kulturminne og kulturmiljøplan • Kulturminner under vann
Naturmangfold	Naturvernområder Naturvernområder – Foreslåtte Naturtyper – DN håndbok 13 Naturtyper – DN-håndbok 19 Arter av nasjonal forvaltningsinteresse Sensitive arter Korallrev.(data fra HI)	<ul style="list-style-type: none"> • Naturbase • Marin verneplan • Artskart • Miljøstatus • Norsk rødliste for arter 2015 • Rødliste for naturtyper 2018 • Lakseregisteret (tilstand laksebestander og kart) • Elvedeltadatabasen • Risikovurdering norsk fiskeoppdrett
Friluftsliv	Friluftsområder – Statlig sikra Kartlagte friluftslivsområder	Naturbase Lokale og regionale registreringer av friluftsområder inklusiv badeområder, turkart, padleturer etc.
Landskap	Kulturlandskap – utvalgte Kulturlandskap – verdifulle Naturvernområder – landskapsvern NiN Landskap	<ul style="list-style-type: none"> • Naturtyper i Norge (NiN landskap) også sjø • Nasjonalt referansesystem for landskap (NIBIO) • Norge i 3D • Diverse landskapsanalyser
Vannkvalitet	Vannforekomster	<ul style="list-style-type: none"> • Vann-nett (økologisk tilstand) • Vannportalen
Forurensning og vannkvalitet	Forurenset grunn	<ul style="list-style-type: none"> • Miljøstatus • Mattilsynet • Risikovurdering norsk fiskeoppdrett (HI)
Energi	Vindkraftverk	NVE
Marine ressursar (skjellsand, tang/ tare)	Tare høstefelt Skjellsand- konsesjonsområder – lokale data	Yggdrasil

7.2 Behov for analyse og samanstilling av eksisterande data

Rettleiaren for planlegging i sjøområda seier følgande i kap 4.8:
«Vurderingar av samlet belastning for naturmiljøet skal også gjøres i henhold til naturmangfoldlovens § 10 om økosystemtilnærming og samlet belastning. Dette er en særskilt vurdering og skal framgå av alle offentlige beslutninger»

I planarbeidet vil vi ta utgangspunkt i eksisterande data. Ei GIS analyse vil samanstille eksisterande data og gi ein heilskapleg framstilling mellom anna desse områda:

- Akvakultur
Havbruksanalyse med fokus på næringas moglegheiter innafor gitte rammer og framtidige behov i høve til produksjon av laks og sjøaure i sjø.
- Nasjonal laksefjord – den kartlegginga må sjåast i samanheng med arbeidet som er omtalt under punktet akvakultur.
- Maritim næring
Registrering av eksisterande næringsareal til sjø og analyse av moglegheiter for nye regionalt areal.
- Kulturminne
Samla kjent kunnskap av kulturminne-registreringar gjennom systematisering og tilrettelegging av eksisterande opplysningar i planområdet
- Farlei og transport
- Energiproduksjon - Vindkraft
Etablering av vindkraftanlegg i sjø, flytande eller montert på botn, er i sin tidlege fase langs kysten og vi har lite erfaringsmateriale og bygge på slik at delar av vårt arbeid knytt til plan og prosess vil vere litt nybrottsarbeid.
- Friluftsliv og fritidsaktivitet
- Vise forsvaret sine interesser i planområdet
- Statleg sikra friluftsområde og verneområde.

7.3 Konsekvensutgreiing (KU)

Regionale planar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging/bruk skal, jfr Forskrift om konsekvensutredningar (FOR 2009-06-26), handsamast etter forskrifta. Normalt vil det være krav om KU når det vert vist konkrete område med utbyggings-/bruksføremål. Konsekvensutgreiinga skal skildre og vurdere verknadene planen kan få for miljø og samfunn.

Konsekvensutgreiinga blir ei vurdering av dei enkelte forslag til nye utbyggingsområde basert på fagkunnskap og fagleg skjøn, og vil være ein del av beslutningsgrunnlaget for planen. [Veileder T1493](#) om konsekvensutgreiing i arealplanlegging skal leggest til grunn i arbeidet.

Vedlegg III i forskrifta legg rammene for innhaldet i sjølve konsekvensutgreiinga og kva for tema som skal utgreiast. Planen sine verknader for følgjande tema skal utgreiast i konsekvens-utgreiinga:

Tab. 5. Tema for konsekvensutgreiing

Tema	Konkretisering
Forureining og utslepp	Her er det først og fremst tenkt utslepp til vatn, både forureinande materiale og smittestoff. Planframlegget sine verknader i høve til lakselus må også utgreiast.
Transportbehov og energibruk	Ved ny struktur for næringsområde på land og i sjø skal transportbehovet og energibruken utgreiast
Kulturminne og kulturmiljø	Dette vert ein del av kunnskapsgrunnlaget, men også planframlegget sine verknader for dette temaet skal utgreiast.
Naturmangfald	Planframlegget sine verknader på naturmangfaldet skal synleggjerast med utgangspunkt i § 8-12 i naturmangfaldlova. Gjennom data frå Hardangerfjordprosjektet kan ein vurdera økosystemtilnærming og samla belastning.
Landskap og friluftsliv	Utbyggingsstrukturen på land og i sjø skal utgreiast i høve til verknader på landskapet og høve for friluftsliv.
Beredskap ogulukkesrisiko	Det må utarbeidast risiko- og sårbaranalyse(ROS) for planframlegget. Her må det mellom anna vere fokus på havnivåstigning og ekstremvær.
Samfunnsverknader	Verknader for kommuneøkonomi, næringsliv og arbeidsplassar
Næringsaktivitet	Fiskeri, havbruk, energiproduksjon, m.m.
Energiproduksjon	Vindkraft
Folkehelse	Landskap, friluftsliv og bruk, naturmangfald

7.4 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

ROS-analyse skal identifisere og skildre dei faktorar som kan bli påverka av planen, og vurdere vesentlege verknadar for miljø og samfunn. For planlegging i sjø er det relevant å vurdere ny arealbruk opp mot både historisk kjent fare, og vurdere framtidig fare som følge av klimaendringar. Aktuelle farer og risiko kan vere knytt til trafikk, usikker grunn, skredfare, auka havnivå, nedbør og vind, som igjen kan føre til økt auka for ras og snøskred.

Usikre grunntilhøve vil bli vurdert dersom det vert planlagt anlegg i strandsona som krev forankring i sjøbotn eller terrenginngrep på land. Installasjonar på sjøen kan utgjere ein fare for skipstrafikken og omvendt. Dette er kystverket sitt ansvarsområde og vert vurdert av dei. Kraftliner og sjøkablar er også områder som det er viktig å sikre.

Det er ein føresetnad at detaljerte ROS-analyser vert sett i verk på tiltaksnivå i samband med reguleringsplan, konsesjonshandsaming eller byggesøknad med sikte på å etablere løysingar som tek hand om tryggleik knytt til aktuell etablering.

8. Organisering av arbeidet

8.1 Interkommunalt samarbeid og samordning

Kommunestyra i dei deltakande kommunane vedtok hausten 2020 å delta i interkommunal plan for sjøareal. Kommunestyret valte representant og vararepresentant til interkommunalt planutval (IKPU), jf §§ 9-2 og 9-3. Kommunestyret delegerte planmynde til IKPU. Kapitel 11 i plan og bygningsloven set rammar for planlegginga med kva type formål og føresegn som kan gjevast i planen. Ein interkommunal plan er ikkje ein «overkommunal plan», men ei samansetting av fleire formelt sjølvstendige kommunale planer «bygd» på ein heilskapleg vurdering.

8.2 Interkommunalt planutval (IKPU)

Det interkommunale Planutvalet (IKPU) er eit politisk oppnemnd styre som skal leie planarbeidet jf. pbl § 9-2. Dei deltakande kommunane har gjennom vedtak overført mynde til å treffe vedtak om planprosessen til IKPU, jf § pbl 9-3. IKPU har ansvaret for å legge politiske føringar for planen sitt mål og innhald. IKPU vedtar forslag til planomtale, plankart og føresegn, gjennomfører offentlig ettersyn og innstiller det endelege planforslaget til kommunestyra for vedtak.

Medlemmene i IKPU har ansvar for kommunikasjon med det politiske miljø i eigen kommune. Det er avgjerande at kommunestyra har eigarskap til planarbeidet. Kommunestyra har hausten 2020 vald følgjande medlemar:

Tab.6. Samansetting av interkommunalt planutval (IKPU)

Kommune	Fast medlem	Varamedlem
Alver	Malin Andvik	Anne Grete Eide
Austerheim	Per Lerøy	Inger Lise Brekke
Fedje	Stian Herøy	Bjørn Solbakk
Gulen	Hallvard Oppedal	Bjarte Undertun
Masfjorden	Karsten Totland	Torill Torsvik Størkeresen
Modalen	Kjetil Eikefet	Ann-Jorunn Farestveit
Osterøy	Lars Fjeldstad	Hjalti Heimir Gislason
Vaksdal	Hege Eide Vik	Kjartan Haugsnes

Det interkommunale planutvalet hadde konstituerande møte fredag 13.11.2020 og valde einstemmig:

- Leiar - Hallvard Oppedal (Gulen)
- Nestleiar - Lars Fjeldstad (Osterøy)

8.3 Styringsgruppe og prosjektleiar

Rådmannsgruppa er styringsgruppa med ansvar for prosjektet si framdrift, ressursbruk og økonomi.

8.4 Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa består av ein administrativ fagperson frå kvar kommune som skal bidra i utforminga av planen. Det er rådmann i kvar einskild kommune som har oppnemnd medlem til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa vert leia av Kristin Nåmdal (Alver kommune).

Tab.7. Samansetting av arbeidsgruppa for interkommunal plan for sjøareal (AIK) og faglege ressursar

Kommune	Medlem
Alver	Kristin Nåmdal (leiar)
Austrheim	Asbjørn Toft
Fedje	Jan Torry Jønsset Sande
Gulen	Ingvild M. Høydal
Masfjorden	Sveinung Toft
Modalen	Jo Bjarte Tømmerbakke
Osterøy	Pelle Engesæter
Vaksdal	John Hoshovde
Planfagleg ressurs	Hans Kristian Dolmen
Kart ressurs	Terje Villanger
Koordinator	Bent Gunnar Næss

Arbeidsgruppa vil vere sentral i dei faglege vurderingane i utarbeidinga av planomtale, konsekvensutgreiing og ROS-analyse. I kvar einskild kommune må det etablerast ei organisering som om det skulle lagast ein eigen kommunedelplan for sjøareal.

8.5 Koordinator

NUI sin rolle i prosjektet er å vere ein fasilitator/tilretteleggar og koordinator i prosjektet. NUI sin person vil samarbeide tett med arbeidsgruppa, styringsgruppa og IKPU.

8.6 Regional og statleg referansegruppa – myndigheitene

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar frå regionale myndigheiter er det oppretta ei referansegruppa for myndigheitene. Dette for å kunne få gode innspel så tidleg som mogleg i prosessen. I tillegg til dei myndigheitene vil Havforskningsinstituttet delta og deira hovudoppgåve vil vere å rettleie og finne fram det beste faglege grunnlaget.

Tab.8. Samansetning av referansegruppa

Mynde	Deltakar
Kystverket	Turid Susort Jansen
Fylkesmannen i Vestland	Hege Hellesø*
Vestland Fylkeskommune	Torbjørn Hasund Endre Korsøen
Fiskeridirektoratet	Ina Giil Solheim og Ola Midttun
Mattilsynet	Kjersti Kongsgården Fremmerlid
Havforskningsinstituttet	Vivian Husa og Terje van der Meeren

*Ulike personar/avdelingar vil delta alt etter tema

8.7 Organisasjonskart og framstilling av planen




Fig. 6. Organisasjonskart



Fig. 7. Organisering med interkommunalt planutval

9. Ramme og premiss for interkommunal plan for sjøareal

I all planlegging må kommunane ta omsyn til ei rekkje lover og forskrifter, retningslinjer og eksisterande planer. Nokre aktuelle er ført opp her, men lista er ikkje uttømmende

Nasjonale

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Kommunal- og moderniseringsdepartementet(2019).
- Planlegging i sjøområdene. Rettleiar, Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2020)
- Verdens fremste sjømatnasjon Meld.St. 22 (2012-2013), Fiskeri- og kystdepartementet
- Effektiv og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa(2011). Gullestadutvalget
- Sammen om et giftfritt miljø – forutsetningar for en tryggere framtid Meld.St. nr.14 (2006-2007), Miljøverndepartementet
- Den europeiske landskapskonvensjonen
- Norsk klimapolitikk, Meld.St.21 (2011-2012), Miljøverndepartementet
- På den sikre siden – sjøsikkerhet og oljevernberedskap, St.meld. nr. 14 (2004-2005), Fiskeri- og kystdepartementet
- Nasjonal transportplan 2014-2023 Meld.St. 26 (2012-2013), Samferdselsdepartementet
- Handlingsplan for Kystverket 2010-2019
- Statlege planretningslinjer (klima, strandsone, transport..)

Regionale planer og strategiar

- Regional planstrategi - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional areal- og transportplan for bergensområdet
- Fylkesdelplan for arealbruk (sjekklister)
- Regionale planar for kystforvaltning
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional plan for vassregion Hordaland
- Regional plan for vassregion Sogn og fjordane

Kommunale planar og dokument

- Kommunenes gjeldende arealplaner slik som kommuneplaner, kommunedelplaner og reguleringsplaner
- Relevante temaplanar og strategiar
- Overordna ROS
- Næringsplanar
- Planar for fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kulturplanar
- Petroleumsstrategiar
- Andre

Aktuelle lovverk

- LOV-2008-06-27-71 Plan- og bygningsloven
- LOV-2005-06-17-79 Akvakulturloven
- LOV-2008-06-06-37 Havressurslova
- LOV-2019-06-21-70 Havne- og farvannsloven
- LOV-2010-06-04-21 Havenergilova
- LOV-1957-06-28-16 Friluftsløva
- LOV-1978-06-09-50 Kulturminneløva
- LOV-1981-03-13-6 Forurensningsloven
- LOV-2009-06-19-100 Naturmangfoldlova
- LOV-2010-06-25-45 Sivilbeskyttelsesloven
- LOV-2011-06-24-29 Lov om folkehelsearbeid
- LOV-1963-...Undersjøiske naturforekomster
- LOV-1994-....Sjøloven
- LOV-2000-....Vannressurslova
- LOV-1992-.....Lakse- og innlandsfiskeløva
- LOV-1981-.....Viltloven

- FOR-2019-12-11-1834 Forskrift om farled
- FOR-2006-12-15-1446 Forskrift om rammer for vannforvaltning
- FOR-2009-06-26-855 Forskrift om konsekvensutredningar
- FOR-2017-....Produksjonsområdeforskriften
- FOR-2018-... Kartforskriften

10. Informasjon, formidling og kontakt

Førespurnad som gjeld det interkommunale planarbeidet kan rettast til koordinator for prosjektet. Skriftlege innspel merkast med «Interkommunal plan for sjøareal» og sendast som e-post til Bent Gunnar Næss, Norhordland utviklingselskap - bgn@nordhordland.net

Førespurnad som gjeld den einskilde kommune som deltar må i utgangspunktet rettast til den aktuelle kommune og kontaktperson. Skriftlege innspel «Plan for sjøareal», planID og saksnummer xx/yyyy.

Interkommunalt planutval (politisk):

- Hallvard Oppedal, Gulen kommune (leiar)
hallvard.oppedal@gulen.kommune.no
- Lars Fjeldstad, Osterøy kommune (nestleiar)
lars.fjeldstad@osteroy.kommune.no

Interkommunal arbeidsgruppe (administrasjon):

- Kristin Næmdal, Alver kommune (leiar)
kristin.namdal@alver.kommune.no

Prosjektmedarbeidarar:

- Bent Gunnar Næss, Norhordland utviklingselskap
bgn@nordhordland.net
- Hans Kristian Dolmen, Alver kommune
hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no

Kontaktperson for deltakande kommunar:

- kristin.namdal@alver.kommune.no
- asbjørn.n.toft@austerheim.kommune.no
- jan.torry.sande@fedje.kommune.no
- ingvild.hoydal@gulen.kommune.no
- sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
- jo.tommerbakke@modalen.no
- pelle.engeseter@osteroy.kommune.no
- john.hoshovde@vaksdal.kommune.no